

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 8

Oktober 1973

9. årgang

Velsigninga i Jesus

Lova vere Gud og vår Herre Jesu Kristi Fader, han som *har velsigna oss med all åndeleg velsigning i himmelen i Kristus* —, står det i Efes. 1, 3.

Det er godt når Gud velsignar oss med sitt ord, og fyller vår sjel med gleda og fred og takk for frelsa full og fri. Andre tider ber me om å bli løfta opp frå motløyse, vanmakt, tvil, kamp eller depresjon av ymse slag, utan at me får det slik me tenkte og ba om. I staden møter me motgang, sjukdom, sorg og nød av ymse slag. Slike tider er det ikkje lett å sjå at Guds velsigning også kan koma på den måten.

Men just i denne nød og tilstand fekk me meir bruk for ein frelsar, og velsigninga kom ved dette at han tukta til vårt evige gagn.

Me som er så lite åndelege, og veit hverken om ein serskildt åndsdåp eller åndsfylde, som me høyrer så mykje om for oss, er dette ordet i Efes. 1, 3 godt å lesa. Der står det at han *har velsigna oss med all åndeleg velsigning*. Me ville så gjerne ha det her — inne i oss, og ikkje være av dei som er fattige i ånda. — Derfor treng ein ikkje vere fattige på Ånd.

Straumdraget i tida omtalar ofte dei åndelege gåvane på ein slik måte at det fører til lovtreldom og eigenrettferd. Og sjefienden har så visst ikkje noko imot ein kristendom som høver- og tiltalar kjøtet i oss. Og etter

Guds ord skal han også ved store teikn og under føra endå dei utvalde vill, om det er råd.

Dei fattige i ånda og dei umyndige derimot, dei tviler så ofte på sin kristendom. Endå Guds gode gåver og åndelege velsigning må ikkje koma i vegen for Jesus og kjærleiken til han og hans nåde imot oss. For slike er det godt at Gud *har velsigna oss med all åndeleg velsigning i himmelen i Kristus*. Det står også skrive at Gud som ikkje sparte sin einaste son, men gav han for oss alle, han kunne ikkje anna enn *gi oss alle ting med han* (Rom. 8, 32).

Tenk om me undersøkte litt meir enn me gjør, kva rikdom me verkeleg eig i Jesus Kristus. — Ordet her sa oss jo at me har og eig *all åndeleg velsigning i Han*. «Alt det du treng for himmel og jord, er gøymt i det eine ord: *Jesus*», syng ein songar. Om dette vitnar og syng David i salme 23: *Det vantar meg ingen ting!* Heller ikkje av åndeleg velsigning. Men her på jorda må me få den dråpevis, på same måte som sjuke pasientar under synda sine slag og sår.

Du som synest at *du manglar alt*, du skal vita at *du har alt i Jesus*, han som elskar deg og gav seg sjølv for deg. Han *har velsigna deg!*

Treng me ikkje om å be slik som Paulus ba for Efeserne: At vår Herre Jesus må gi oss

opplyste augo, så me ser kva for von det er han har kalla oss til, og kor rik på herlegdom hans arv er mellom dei heilage.

Søk det som er der oppe, der Kristus sit ved Guds høgre hand, og ikkje det som er på jorda !

Du som kjenner på lite velsigning og liten siger, men heller tvert imot bare synd og elendigkeit, hører her : Velsigninga di er på ein tryggare stad enn i ditt hjarta. Den er evig og uforanderlig, gøynd i himmelen — i Jesus.

Jesus seier at han veit om fattigdomen din, men du er rik (Openb. 2, 9 — Rik i Gud, rik i Jesus og dei gåver du har fått i og ved han.

Disse velsigna sanningane om vår stilling i Kristus, kan berre den Heilage Ande gjennom Ordet openberra for hjertene våre. Kanskje denne faste og sikre stoda i Kristus blir forlike forkjent, av di ein er redd det skal føra til å bli sjølvtrygg? Men slik virker aldri Guds evige sanning om hans frelseråd i Kristus, tvertimot virker det ydmykheit. At eg, som er så fattig og elendig i meg sjølv, i Guds augo er slik som Jesus er — det er nåde, uforståeleg, men dog sant. For det står jo skrive at han gav oss alle ting med Han.

Korleis er så den velsigninga Gud har velsigna oss med iKristus? Jau, me eig forlatting for syndene i hans namn. I han har me

utløysinga ved hans blod (Efes. 1, 7). Jesus seier : Eg har helga meg *for dei*, så dei og skal vera heilage i sanning (ohs. 17, 19). Derfor treng ikkje eg og du som har Jesus jaga etter helliggjørelse og åndelegheit, på ein slik måte at heile kristenlivet blir prega av følelsesbetont jag og stress. For alt dette er av Gud og Jesu verk, og Jesus har vorte oss til visdom frå Gud og rettferd og helging og utløysing (1. Kpr. 1, 30).

Er dette nok for deg ?

Han som sjølv er din stedfortredar og øvsteprest hjå Gud, han vil nok og syta for den helging og velsigning du treng i ditt liv her på jorda — om det ikkje blir på den måten du hadde tenkt.

Kan du ta imot *denne mat* frå Guds ord, eller toler du ennå berre åndeleg mjelk? For ikkje alle toler fast føda, og det kan me som forkynner Guds ord gjerne merka oss.

Men Herren kan ennå opna blinde augo, så dei ser. Og få ting av vår kristne tru gir slik fred og tryggleik, som å vita dette : Han har velsigna oss, med *all åndeleg velsigning i Kristus Jesus*.

Då manglar det deg ikkje noko, kjære bror og syster i Herren ! Vil du ta imot dette frå Han, som gav meg nåde til å bringa deg helsinga.

Det var også ein av hans velsigningar.

Josef J. Nielsen.

Av nåde er de frelseste

Efes. 2, 8 - fg. Av Gudmund Hjorthaug

Framhald frå forrige nr.

Me høyrde sist at trua kjem ved evangeliet. Evangeliet openberrar Guds rettferd av tru *til tru*. Det er Guds gåva og Guds verk.

Då må me ikkje vere med å gjera trua til ein lovgjerning, hverken for oss sjølv eller for

andre menneske, for då gjer me Guds Ånd og ord imot. Eg er ikkje i minste tvil om at dei som forkynner slik meiner det godt og vil så gjerne vere med å føre sjelene til trua på Jesus, men dei ser ikkje denne løyndomen og så stengjer dei vegen for sjelene.

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir haldø ep på med frivillige gåver

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Utgjevarpoststad : 5400 Stord
Norsk Luthersek Lekmannsmisjon :

Formann : Olev A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054) 10 482

Kass. Sverre Bohn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.00492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

På same måten er det med dei retningane som forkynner åndsdåp. Dei gjer det til lovgjerningar, til ein betingelse for å eige Jesus og rikdomen i han.

Eit felles trekk for alt som heiter lovgjerningar, det er at det er noko eg må ha, eller som Gud virkar i meg, for å få nåde. Det er slik når det gjeld å bli ifrelst, og det er også slik når det gjeld å bli helliggjort. De som er eldre kjenner vel Hope sine ord om å gå til Golgata for å bli frelst, men til Sinai for å bli helliggjort. Det vil seie at når det gjeld å bli helliggjort, så er det eit ansvar som ligg på oss, noko me må vere eller gjere og få til før Gud får kome til.

Kva seier så Guds ord om dette med lovgjerningar. Ingen vert rettferdigjort for Gud ved lovgjerningar (Gal. 3, 11). ingen, ikkje ein einaste. Lovgjerningane er også unødvendige til frelse, for alt det som måtte gjerast gjorde Jesus i vår stad. Det er fullført ! Lova vere hans namn ! Han gjorde frelsa så fullkommen og la den så langt nede, at det er for overdige og fortapte syndrar.

Eg har eit gildt minne, som kanskje kan vere med å feste dette i tanken din. For mange år sidan hadde me ei ungdomsveke heime, og under eit av møta slo ordet ned i ungdomsflokkene, og etter møtet kom nokre og ba om hjelpe til å bli frelst for dei hadde det ikkje rett med Gud. Eg må tilstå eg blei heilt forskrekka med same, for ei av dei var den eg hadde trutt best om. Då kom ei røst som sa til meg: Kva er det du nå har gjort, kva har du nå forkynnt for dei.

Me sette oss på benken, og eg tok til å siterer for dei ordet om det Jesus gjorde og kven han gjorde det for. Men når eit menneske er i syndenød er det ofte uroleg, og det er vanskeleg for ordet å nå inn til hjarta. Men så las eg frå Matt. 22 om tenarane som skulle gå ut og forkynne : Kom ! for alt er ferdigt. Kva var det du las, sa ho, les det igjen. Eg las at det er ferdigt alt, og du kan ikkje få til noko — det er berre innbildung at du det kan — men Jesus gjorde ferdigt alt. Då sprang ho fram på golvet og sa : «Men då slepp jo eg !» Ja, det er jo nettopp det som er sakta. Det trengst inga gjerning og lovpfylling frå meg og deg, for Han oppfyllede alt som gjerast måtte og skulle til vår frelse.

Det er fullbrakt. Alt som skulle til for at Gud skulle favne deg som sitt barn, og eige deg i sitt nådesamfunn og rike. Alt som sidan blir gjort, det er unødvendig.

Men dermed er ikkje alt sagt, for det å kome fram for Gud med lovgjerningar, det er ikkje berre unødvendig, men *det er ei hindring for å få nåde*. Det er det mange som ikkje ser i vår tid, og endå til mange som lever i samfunn med Gud har ikkje dette klart for seg. Det går an å ha det rett med Gud i hjarta, uten å sjå at når folk søker Gud ved lovgjerningar så er det hindringa som gjer at dei ikkje finn inn. Slik hadde og eg det lenge. Når mange går vakte og søker lange tider utan å finna inn, så er oftest — for ikkje å seia alltid — årsaka at dei klamrar seg til ein eller annan lovgjerning.

Kvífor er det slik at det me gjer, og tiggar Gud om å hjelpe oss med, for å bli frelst, kvífor er det så gale at det stengjer for nåden? Svaret er at Gud har lagt frelsa slik at den berre er i Jesus, og den er berre for uguelege og fortapte syndarar i seg sjølv. For det som eg og du gjer og får i stand, det er berre forkledd synder i Guds auga. Det er forkledd eigenrettferd, forkledd sjølvgodheit, å forguda seg sjølv. På den andre sida, når eg og du er freista eller lar oss freista til å stiga fram for Gud med noko av oss sjølv som skal gjere Gud meir miskunsam — anten det nå gjeld barneretten eller helginga — så seier me jo ved det at det Gud har gjort i Jesus er ikkje skikkeleg. Kvar ein som kjem til Gud med eigne lovgjerningar, han hánar det verket Gud har gjort på Golgata. — Derfor er du utestengd frå nåden! For lovgjerningar har ikkje noko med trua å gjere, høyrd me her. Dei har ikkje noko med evangeliet og nåden å gjere, dei er heilt skild frå kvarandre. Den som har gjerningar, han vert løna ikkje tilrekna av nåde, men etter skynlad (Rom. 4, 4). Han får ikkje nåde, det er ikkje snakk om nåde der, berre betaling etter det han fortener. Og her seier Skrifta at forbanna er kvar den som ikkje oppfyller *alt det lova krev.*

Heldigvis er det ikkje vår sak å kjenne hjarto, og av og til har heldigvis hjarta det rettare med Gud enn munnen gir uttrykk for. Men du og du kor mange bekjennande kristne det finst i landet vårt i dag som lever under forbanninga, av di dei trøstar seg til lovgjerningar.

Og alle bær me på eit kjøt som freistar oss til å rekne med lovgjerningar. Men lever du med Gud så vil den Heilage Ande vise deg det og tukte deg for det, og så ser du at du treng nåde og tilgivelse nettopp for det. Då kjem du ikkje under forbanninga, for Herren kastar den i forglemmelsens hav saman med all annen synd. Men det gjer den som held seg til lovgjerningar, held fast på dei, reknar

med dei og vil bli frelst ved dei. Den derimot som ikkje har gjerningar, men trur på han som rettferdigger ugudlege, han vert *trua hans rekna til rettferd.* Han blir tilrekna Jesus og hans verk.

Det er eit ord i Hebr. 9 som eg trur eg kan seia har blitt godt for meg i det siste. Der er tala om tabernaklet, om den gamle pakts gudsdyrkning. Og der står i vers 6: Men sidan nå dette er laga såleis, så går prestane alltid inn i det fremste teltet når dei gjer si teneste. Men i det andre (det aller helligste) går berre øvstepresten inn ein gong om året, ikkje uten blod, som han bær fram for seg sjølv og for missferdene til folket. Så kjem den lærdom som Hebr.brevet dreg av dette: Dermed syner den Heilage Ande dette at vegen til heilagdomen ennå ikkje er openberra så lenge det fremste teltet stend.

Kva vil dette seie? Det seier at så lenge eit menneske ennå held fram med å bære offer og lovgjerningar, viser det at veien inn i heilagdomen ennå ikkje er openberra for det menneske. Dei har ennå ikkje fått del i Jesus.

Men når Gud ved si lov og Andens gjerning får rive vekk trua på våre lovgjerningar, vårt strev og alt dette som me må få til, så du blir død for lova, då først får den Heilage Ande kome til med evangeliet om Jesus. Då vil dette forunderlege bli openberra for hjarta ditt, at det som trengst til di frelse det ofra Jesus, og at Gud er fornøygd med det offeret, at pakta mellom deg og Gud er ordna i Jesus. Jesus tok all den straff du var verd, og han oppfyllede lova istaden for deg, så du i han er rein og rettferdig og heilag for Gud.

Då blir det sant det som står i Efes. 2: - Vekt oss opp med han og sett oss med han i himmelen, i Kristus Jesus.

Tenk at på same tid som me går her som ein ynkeleg makk av ein syndar ut ifrå det me er i oss sjølv, så har Gud flytta oss inn i Jesus, og i Han sett oss fram for si åsyn i

himmelten reine og rettferdige og fullkomne.

Den som ikkje har gjerningar, men trur på han som rettferdiggjør ugudlege, *han er rettferdig i Jesus*. Lova vere Herrens namn !

Korleis kan me då kome til trua på Jesus? Me har hørt at trua er ei gāve frå Gud, den er noko som han gir ved den Heliage Ande. Han openberrar og gir den ved ordet, evangeliet om Jesus. Evangeliet er ei Guds kraft til frelse. Trua kjem til deg ved trua sitt ord. Korleis kjem den til hjarta ditt? Korleis kan den vekse så du kjem nærmare Jesus i kjennskap og kjærleik? Skal me arbeida oss til ei slik tru? Ja, om du trur at døde kan arbeida, så må du halda fram med det. Guds ord seier at det kan me ikkje. Skal du så gå der og venta på at trua skal dette ned til deg frå himmelen, på same måteten som snøflukse kjem ?

Ordet forkynner at Gud har ein einaste måte han gir trua på, og han har eit einaste middel som han skaper den frelsande trua ved, og det er Ordet — eller rettare evangeliet om Jesus. Derfor les Ordet og høyр ordet om Jesus, og høyр etter kva Gud seier til deg !

Om du hadde utsikt til å vinne ein stor skatt, og du blei fortalt at på ein nærmare angitt stad var skatten å finne, så gjekk du ikkje andre stader for å leita etter den. Nei, då gjekk du der den var å finna, ikkje sant?

Her kjem vårt forvende hjarta fram, som har så vanskeleg for å halda seg til Guds ord

Eg hadde lyst til å spyrja deg kor mykje av tida di du brukar til å lese og høyre Guds ord, kor mykje av fritida di blir brukt til det. Trua kjem ved å lese ordet, ved å høyre det, ved å grunna på det inne for Guds ansikt i bøn om den Heilage Ande sitt lys over det. Og blir trua mi og di veik, så er årsaka at Ordet får liten inngang i hjarta. Høyр, så skal sjela di leva !

Trua kjem ved å høyre, ved å bøye seg for Andens tale gjennom ordet, ved å ta ordet alvorleg.

Be Gud gi deg det du treng, og eg er viss om at du skal få sjå både deg sjølv og frelsa i Jesus i Guds speil.

Avskrive etter lydband.

Hva er kristendom ?

Av Øyvind Andersen

Vi har kommet inn på det som skal til for å bli en kristen, og i den samanheng er det at vi er kommet inn på loven og evangeliet. Og de to store hovedspørsmål vi holder på å snakke om er : Hva er loven, og hva er evangeliet? I den samanheng var det vi i forrige leksjon tok opp serlig spørsmålet om loven, og sa litt om at den krever fullkommenhet både positivt og negativt. Gjennom kjærlighetsbudet positivt, negativt gjennem forbudet mot å ha lyst til synd — altså mot

å begjære.

Der er et spørsmål som vi var kommet til, og skal ta nærmere opp idag. Det er forskjellen på å holde budene og å gjøre lov-gjerninger.

Før vi nå ser nermer på det skal vi samle oss i bønn igjen. Kjære Jesus, jeg ber om at disse leksjonene må bli til hjelp for dem som hører på. Jeg ber at du vil lede mitt sinn, at du vil legge det til rette for dem som skal høre, at ordet må bli det som du

hadde tenkt for oss. Amen.

I Romerbrevets 3. kap. leser vi i vers 19 og 20 : Men vi vet at alt det som loven sier, det taler den til dem som har loven, forat hver munn skal lukkes og hele verden bli skyldig for Gud. Siden intet kjøt blir rettferdiggjort for ham ved lovgjerninger, for ved loven kommer erkjennelsen av hva synd er.

Vi hører her i vers 20 : Intet kjøt, altså intet menneske på jorden, blir rettferdiggjort for Gud ved lovgjerninger. Med det er sagt at menneske kan gjøre lovgjerninger, men samtidig at Gud ikke godtar dem slik at han tilrekner noe menneske rettferdighet på grunn av disse lovgjerninger.

Hva er lovgjerninger egentlig? Jeg vil belyse det med et konkret eksempel. Ta for eksempel det syvende bud : Du skal ikke stjele! Sett at jeg lar være å stjele — det har jeg forresten prøvt å beflitte meg på hele mitt liv. Har jeg da holdt det syvende bud? Her svarer menneskene : Ja, naturligvis må en vel det. Når det syvende bud sier du skal ikke stjele, og vi så lar det være, da må vel den sak være i orden. Vel, her er det Gud kommer og sier noe annet. Her ble jeg møtt direkte av Gud selv med spørsmålet : Med hvilket sinn har du latt være å stjele? Lar du være å stjele fordi du elsker meg av hele ditt hjerte, av hele din sjel, av hele din kraft, og fordi du elsker din neste som deg selv? Er det årsaken til at du lar være å stjele? Da måtte jeg svare nei. Jeg kunne ikke elske Gud, det var nettopp det jeg ikke gjorde, jeg kunne ikke elske min neste som meg selv. Det manglet det svært meget på. Da sa Gud til meg : Når du lar være å stjele, da gjør du lovens gjerning, hva det syvende bud angår, men du har ikke holdt budet. Budet kan bare oppfylles med hjertet. Budet kan bare oppfylles ut fra et syndfritt hjerte.

Senere leste jeg i Luthers fortale til Romerbrevet, og det gjorde et underlig inntrykk på meg å lese det da. Du må vokte deg for å tenke om Guds lov, slik som du tenker om

de borgerlige lover og anordninger, for dem kan du oppfylle med dine gjerninger, men Guds lov kan du alene oppfylle med ditt hjerte. Du kan ikke oppfylle Guds lov med dine gjerninger alene. Det var akkurat som om det skulle være tat tut av min egen erfaring. Og her ser du forskjellen. Å holde budene det betyr at vi helt ut er syndfri, at vi gjør det som budet påbyr og lar være å gjøre det som budet forbyr, for vi elsker Gud av hele vårt hjerte og vår neste som oss selv. Gjør vi ikke det, vel, da kan vi nok gjøre de gjerninger som loven krever — vi kan i alle fall gjøre det loven påbyr til en viss grad, og til en viss grad la være å gjøre det som den forbryr — og da sier Guds ord at dette er lovgjerninger. Men dette blir ikke godtatt av Gud, som om vi hadde holdt budene. Det er forskjell på å holde budene og å gjøre lovgjerninger, som du hører.

Ofte blir lovgjerninger kalt for gode gjerninger. Det blir sagt at det er ikke nok å gjøre gode gjerninger til å bli rettferdiggjort. Det er i og for seg sant nok, men det er forferdelig galt å kalte lovgjerninger for gode gjerninger. Lovgjerninger er ikke gode gjerninger ! Lovgjerninger er det samme som Hebreerbrevet kaller *døde gjerninger*. Det er samvittighets-gjerninger, det er ting vi gjør for å tekkes Gud, vi vil være rettferdige, vi vil gjøre det som er sant og rett, men vi gjør det ikke ut fra et hjerte som elsker Gud. Da kan det ikke kalles gode gjerninger, i Bibelsk forstand.

Gode gjerninger er Åndens frukt. Dem finner du bare hos de mennesker som lever i samfunn med Jesus, og dem får vi komme tilbake til senere. Men jeg vil bare pressisere, gode gjerninger og lovgjerninger er to forskjellige ting. Og lovgjerninger kan altså et menneske gjøre, men som du hører, Guds ord sier meget klart og tydelig : Gud rettferdiggjør ikke noe menneske på grunn av lovgjerninger.

Altså der står vi. Vi kan gjøre de gjer-

ninger som loven påbyr til en viss grad, la være å gjøre dem som loven forbyr, men vi er like nær å bli omvendt til Gud, Gud godtar ikke dette. Og dette holder ikke mål for Guds øyne.

Så er spørsmålet: Hvorfor er da loven gitt? Og det spørsmålet skal vi også ta opp ganske kort. Loven er gitt til menneskene for å hjelpe oss til å bli rettferdige for Gud. Slik er det så naturlig for oss å tenke. Men Guds ord sier noe ganske annet. Du hører her i Rom. 3, 19: Forat hver munn skal lukkes, det betyr altså at vi skal miste enhver undskyldning overfor Gud, og at hele verden skal bli skyldig har jeg nevnt før betyr, vise seg å vere skyldig overfor Gud. Hele verden er skyldig i sine synder, men menneskene vet det ikke. Forat menneskene skal bli seg bevisst hvem og hva de er i Guds øyne, har Gud gitt loven. Det skal vise seg for menneskene at de er skyldige for Gud. Det er det første svaret jeg peker på ut fra Guds ord.

Går vi så videre til Rom. 5, 20, finner vi et nytt svar. Der står at loven kom til forat fallet sulle øke, det er gruntekstens uttrykk men hvor synden ble stor, der ble synden enda større, forat liksom synden hersket ved døden, skulle også nåden herske ved rettferdighet, til et evigt liv ved Jesus Kristus vår Herre.

Her hører vi altså at loven kom forat synden, eller rettere sagt fallet, skulle øke. Fall, det er altså bevisst overtredelse. I tillegg til Adams fall, som er omtalt ovenfor, skulle det bli så mange andre fall, fallet skulle øke. Augustin sier om dette stedet: Gud handler ikke i grusomhet, men han lar sykdommen bryte ut forat man skal søke lege og bli helbredet. Når et menneske er sykt og ikke vet det, da søker man ikke lege, men dør av sykdommen. Men det vil ikke Gud, og han får sykdommen bryte ut for at man skal søke læge og bli helbredet.

Det er et meget treffende bilde Augustin bruker her.

Her hører vi at loven kom til, den kom imellom, står det egentlig, forat fallet skulle øke. Og så kommer svaret da i vers 21, og det går ut på at nåden skulle komme til å herske i Jesus Kristus vår Herre. Altså med andre ord, loven er gitt for at nåden skulle komme til å herske. Det er svaret på det stedet.

Går vi så videre i Guds ord til 2. Kor. 3, 6: Bokstaven slår ihel og Ånden gjør levende. Bokstaven det er betegnelsen på loven, fordi det står at Gud med sin finger skrev bokstaver på lovens to tavler. Bokstaven slår ihel, men Ånden, det er Jesus, det er evangeliet, gjør levende. Og vi hører i dette kap. vers 7 om en dødens tjeneste, og i vers 9 om en fordømmelsens tjeneste. Altså loven har fått en tjeneste av Gud, en oppgave. Gud har en bestemt hensikt med loven, å døde oss og fordømme oss. Og det skjer forat evangeliet skal rettferdigjøre oss og frigjøre oss, levendegjøre oss. Evangeliet har fått en levendegjørende tjeneste. Her hører vi altså at loven er kommet forat vi skal dødes, vi skal fordømmes, vi skal bli stående ansikt til ansikt med Gud aldeles fortapt i oss selv.

Endelig vil jeg få nevne et fjerde sted også som sier oss noe om hvorfor loven er gitt. Det er i Galat. 3, 21 og fg. Der står: Er då loven imot Guds løfter? langt derifra, for var der gitt noen lov som kunne gjøre levende, da kom rettferdigheten virkelig av loven. Men Skriften har lagt alt inn under synd, forat det som er lovt ved tro på Jesus Kristus skulle bli gitt dem som tror. Her blir det sagt ganske enkelt: Loven kom forat vi skulle få det som er lovt ved Jesus, få det ved troen. Loven ble gitt for at vi skulle komme til troen og bli frelst.

Dette er Guds svar på spørsmålet om hvordan loven er gitt, når det gjelder lovens plass i vårt gudsforhold.

Loven har også andre oppgaver, som vi skal komme tilbake til — i alle fall litt av

senere.

Her ser vi altså at loven krever fullkommenhet og syndfrihet. Loven kan ikke oppfylles med gjerninger alene, bare med hjertet. Loven er gitt forat vi skal komme til troen, for å si det på kortest mulig måte. Dette er Skriftens lære om loven i vårt forhold til Gud, og bare hvor dette får lyde er del Bibelens sanne tale om hva loven er for noe. Der blir sagt så mye idag om hva vi skal være og ikke være som ikke er loven, det blir loviskhet av det. For man ser ikke at loven krever fullkommenhet, og det blir ikke klart og utvetydig forkyst at så lenge et menneske er loven noe skyldig, så lenge får et mennes-

ke ingen tilgivelse hos Gud. Vil du ha dette klart for deg. Det er i en sum hva loven går ut på, og den er som sagt gitt forat vi skal komme til troen på Jesus.

Så blir spørsmålet da om Guds hellige lov får virke slik hos oss. Det spørsmålet skal vi ta opp igjen senere. Men først får vi nå ta opp spørsmålet: Hva er evangeliet? Vi nevnte at det var disse to hovedspørsmål vi måtte ha klart, for å forstå det som Bibelen lærer om omvendelse, om hvordan man blir en kristen og lever som en kristen, og det skal vi da ta til med i neste leksjon.

Avskrevet etter lydband fra bibelkurs holdt i Norea Radio.

Det sanne og det falske evangelium

(Galaterbrevet 1. kap.) Av Amund Lid

Galaterbrevet er skrive av apostelen Paulus, truleg i Efesus mellom år 54 og 57. Og årsaka til at han skreiv brevet ser ut for å vera at falske lærarar har snyke seg inn i menigheten med ei falsk og forførande lærre. Dei hevda at Paulus var ingen rett apostel. Paulus, apostel, ikkje av menneske og ikkje ved noko menneske, men ved Jesus Kristus og Gud Fader, som vekte han opp frå dei døde (v. 1).

Dei falske lærarane, som blir kalla judastar, hevda nok også at han tala heidningane til lags ved å forkynna ein lettare frelseveg for dei enn for jødane. Derfor spør han i vers 10: Talar eg nå menneske til lags, eller Gud? Ville eg endå gjera menneske til lags, var eg ikkje Kristi tenar. Eg kungjer dykk, brør, at det evangelium eg har forkyst dykk, er ikkje menneskeverk. For ikkje eg heller fekk det eller lærde det ved noko menneske, men ved Jesu Kristi openberring.

Dette lærer oss at ingen sann lærar eller forkynnar kan tileigna seg den bodskapen han skal forkynna ved å læra det av menneske-

åleine, den må bli han *openberra ved den Heilage Ande*. For det som er født av kjøt, det er kjøt, som ikkje kan sjå Guds rike eller koma inn i det (Johs. 3, 5—7). Eit naturleg menneske tek ikkje imot det som høyrer Anden til, og han kan ikkje kjenna det. Det kan berre den som er født av Anden (1. Kor. 2, 10—16).

Han ynskjer lesarane nåde og fred frå Gud vår far og frå Jesus Kristus vår Herre, han som gav seg sjølv for våre synder, for å fri oss ut av den nåverande vondre verda, etter Gud vår fars vilje.

Det minner oss om at Jesus kom ikkje for å forbedra det naturlege menneske eller den vondre verda, men for å *frelsa oss ut av den*, og inn i Jesu Kristi samfunn og nåderike. Det er ein tanke som det naturlege og religiøse og ufreliste menneske ikkje likar, at her finst to slag menneske iblant oss! *Dei vantru og ufreliste menneske, og dei truande og salige Guds barn*. Men det lærer Bibelen klart, så ingen kan koma bort frå det. Og dei som ikkje vil tru det, dei må ein dag erfara denne

bitre sanninga.

Apostelen Peter forkynte på pinsedag : La dykk frelsa *ut frå* denne rangsnudde ætta! (Ap.gj. 2, 40).

Almen-religiøsitet, som består i å forbedra det naturlege menneske og verda så dei lever kristeleg, den er ikkje av Gud. Men ein annan ting er at det menneske som Jesus får frelsa og gjenfø til eit nytt menneske, det blir ein ny skapning og ein god samfunnsborgar som verkar til det gode også på sine omgivnader.

Apostelen undrast på at Galaterne så snøgt vende seg frå Jesus, han som kalla dei og frelse dei. Dei vende seg til eit anna evangelium, endå det ikkje finst noko anna evangelium, det er berre sume som forviller dykk og vil forvenda Kristi evangelium. I kap.2 ,4 får me høyra at det er falske brør som har sneke seg inn i menigheten med sitt falske evangelium, for å lura frå dei fridomen i Kristus.

I vers 12 ser me at dei falske lærarane kom frå Jakob. Det vil seia at dei var truande jødar som kom frå menigheten i Jerusalem, der Jakob var forstandar. Ap.gj. 15, 24 vitnar om det same. Dei er blitt kalla judistar, truleg av di dei kom frå menigheten i Judea.

Ved det falske og forvende evangelium judaistane forkynte, sto galaterne i føre for å bli skild frå Kristus og å falla ut av nåden (Gal. 5, 4). På same vis fryktar apostelen det skulle gå med korinterne : Men eg ottast at liksom ormen dåra Eva med si svikråd, såleis skal også dykker tankar verta skadde og snudde bort frå den einfelde truskapen mot Kristus. For om det kjem ein og forkyunner ein annen Jesus, som me ikkje har forkynt, eller de får ei anna ånd, som de ikkje før har fenge, eller eit anna evangelium, som de ikkje før har motteke, så ville de tola det godt (1. Kor. 11, 3-4).

Denne føre er også overhengande for Guds menighet i vår tid, så me treng om Galater-

bretet si formaning, for å bli bevart frå å koma i ei slik stoda at Kristus ikkje gagnar oss (Galat. 5, 2).

Korleis er så det falske evangelium som blei forkynt i Galatia ?

Dei forkynte Jesus og trua på han, men kom med eit tillegg til dei heidningekristne at om dei ikkje let seg omskjera som jødane og helt Mose-lova, så kunne dei ikkje bli frelse (Ap.gj. 15, 1 og 5). Med andre ord krov dei at heidningane måtte bli jødar for å bli skikkeleg frelse. I røynda låg dei sjølve under for det dei skulda Paulus for. Dette hadde dei frå menneske og ikkje frå Gud, og det var oppfunne avdi dei ville gjera jødane til lags, og sleppa å bli forfylgte for Kristi kross si skuld (Gal. 6, 12).

Dette å blanda lov og lovgjerninger i evangeliet, har alltid vore, og vil alltid bli kjennemerke på eit falskt evangelium. Det har ikkje noko med Bibelens sanne evangelium å gjera, men kjem frå menneske og talar menneske til lags. — Bibelens sanne evangelium er ein støyt og ein dårskap for det naturlege menneske, som utløysar motstand og forfølging. Men det forvende og falske evangelium fell meir saman med menneske si fornuft, og er ikkje så støytande og møter mindre motstand og forfølging. Det har ein veldig evne til å skilja frå Kristus, så sjelene fell ut av nåden, men det kan aldri frelsa og gi liv i Gud. Det fører til almenreligiøsitet, som ikkje har noko medlivet i trua på Jesus å gjera.

Det falske evangeliet forkyunner ein annan Jesus enn Bibelens Jesus, og er ei tannta evangelium, som fører til at den som lånar øyra til det får ei annan ånd — ikkje den Heilage Ande.

Og Paulus tek så kraftig i at den som forkyunner eit anna evangelium enn det han har forkynt, enn Bibelens, han skal vera forbanna. Dette tek han opp att to gonger, vers 8 og 9.

Aldri har vel dette vore så aktuelt som i vår tid, for aldri før har vel det forvende og

forfalska evangelium vore så mykje forkynt, trutt og æra som nå.

Ein forkynnar, teolog eller teologisk lærar, som ikkje er fødd på nytt, men har berre til-eigna seg læra ved og frå menneske, kan ikkje forkynna rett. Like så lite som Nikodemus kunne det, før han blei fødd på nytt. Eit naturleg menneske ser ikkje Guds rike og kan ikkje leida andre inn i det. (Johs. 3, 3—5 og 1. Kor. 2, 10—15). Lærdom kan vera bra for den som er fødd på nytt ved å ha fått *evangeliet openberra for hjarta*, men der *gjenføden manglar* blir det berre almen religiøsitet — anten opplæringa skjer på eit teologisk fakultet eller på ein bibelskule.

Eit evangelium som er samansett av tru på Jesus og lovgjerningar frå vår sida, det er eit forvendt og forfalska evangelium. Anten gjerningane er eit vilkår for å bli frelst, for å ha rett til å tru på Jesus, eller dei som hjå Judaistane kom i tillegg til trua på Jesus. Det knyter også trua til gjerningar som er gjort, som dåpen eller omvendelse, livssyn, kristent liv og teneste, altergang, kyrkjegang eller møtegang. Kristi rettferd for oss og eiga rettferd blir blanda saman og sidestillt, og menneskeleg humanisme og kjærleik blir gitt ut for å vera kristen kjærleik.

Det evangelium apostelen Paulus blei kalla til å forkynna, Bibelens sanne evangelium, korleis er så det? Han måla *Jesus Kristus krossfest* for augo til galaterne (Galat. 3, 1) Han som blei gjort til synd for oss, så me skulle bli rettferdige for Gud i han (2. Kor. 5, 21). Han som er det Guds lam som tok bort verda si synd ved sitt offer og blod. Det som var umogeleg for lova, av di me ikkje kunne oppfylla og halda lova sine bod, det gjorde Jesus i vår stad (Rom. 8, 1-fg.) Men nå har ei rettferdigheit frå Gud, ei som lova og prof. vitnar om, vorte openberra *utan lova* — ei rettferd frå Gud ved trua på Jesus Kristus for alle og over alle som trur. For det finst ingen skilnad, alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdigjorde ufor-

tent av hans nåde ved utløysinga i Jesus Kristus (Rom. 3, 21-fg.). Apostelen forkynner at me blir frelse ved tru på Jesus, på hans gjerning for oss, slik me møter det i hans liv og død og oppstoda, utan lovgjerningar. For lova har ikkje noko med trua å gjera (Galat. 3, 12).

Dette budskapet trudde galaterne då dei fekk det forkynt og ved å høyrer det fekk dei den Heilage Ande som pant. Den loviske forkynninga til Judaistane lærde at heidningen måtte bli jøde, før dei kunne bli frelst. Slik er det forvende evangelium også i dag. Syndaren må koma opp på eit høgare plan, ved å leva eit anna liv, før ein har tru på at han kan bli frelst. Men Bibelen lærer at skal eit menneske bli frelst, så må det bli frelst som *det er og der det er*. Jamfør dette med røvaren på krossen, horkvinna i Simons hus, tollaren i templet, David og den falne Peter. Abraham fekk kallet og lovnaðen mens han ennå var uomskåren heidning (Rom. 4, 1-25) Du må ikkje tru den bodskapen Gud forkynner deg om Jesus, men du kan få lov å tru det, og då vil det bli deg tilrekna!

Då Paulus møtte kallet, samrådde han seg ikkje med kjøt og blod (vers 15).

Samrår du deg med kjøt og blod når Gud kallar deg, anten ditt eige eller med andre menneske, då blir du nok ikkje frelst. La Gud og hans ord få gi deg råd! Røvaren kunne ikkje søkja råd hjå sitt eige hjarta, eller hjå dei som omgav han, berre hjå Jesus. Syndarinna kunne ikkje rádføra seg med Simon, og heller ikkje tollaren hjå farisearen i templet.

Blir du kalla til å forkynna ved Guds nåde, eller til å vitne om den frelsar du har funne og den nåde du har fått, anten på møte eller andre stader, kan du ikkje samrå deg med kjøt og blod.

Gjer du det, då vil du nok sitja og teia, og du vil bli verande heime. Og mange er dei som har mange og vonde erfaringar å sjå tilbake på her. Nokre samrådde seg med

sitt eige kjøt, og då blei det til det at du har så lite å fara med at det er best du teier. Folk aktar ikkje på deg og bryr seg ikkje om deg, så det er best du teier, du berre skjemmer deg ut.

Du som er kalla av Gud til å forkynna evangeliet. Samrård du deg med kjøtet, så meinar nok det at du har det betre heime, og at du må syta for levemåten for deg og dine først, og at din jordiske gjerning er viktigare

og må gå først. Jesus må nok gå fyre både ektemake og familie sine råd, elles er faren stor for at du blir heime.

Paulus samrådde seg ikkje ein gong med dei som var kalla fyre han, heller ikkje let han rykta som gjekk om han stå hindrande i vegen (vers 17-23).

Fylg det himmelske kall, og ver lydig mot det himmelske syn !

Vi vendte oss hver vår vei

Dette ordet forteller oss at der finnes mange veier menneskene tror å nå himmelen og saligheten på. Men Bibelen forteller at de veier som menneskene forsøker seg på, det er avveier som ikke fører til målet.

Ser vi for eksempel på de ti spedalske Jesus forteller om. De var alle sammen i den samme stilling, og de både såg og følte sin sykdom. De ropte alle til Jesus om å bli frelst fra sykdommen, og de ble alle lækt. Men der skiller veiene, for bare en av de ti gikk den rette vei.

Hvor gikk så de ni? Så vidt vi kan forstå gikk de ikke tilbake til verden men til prestene og synagogen, hvor de ble værende i lovtjenesten uten å få del i evangeliet. De gikk feil vei. Har dette noe å lære oss? I vekkelsestider har jeg opplevet at folk kommer i syndenød, bøyer seg og ber om nåde og frlse, og de får også en stor opplevelse. Men her skiller veiene, på samme måte som for de spedalske.

Noen av dem får evangeliet åpenbart for sitt hjerte, og kommer til troen på Jesus og følger ham. Men de fleste går inn under lovtjenesten, og kan vitne om sitt møte med Gud, uten å se hva evangeliet betyr for dem. De kan ofte bli både frimodige og nidkjære for Guds sak. Men det er ikke lett å leve under loven, og livet der består av mange krav og tunge byrder, så mange faller fra

etter en tid. Det går an å leve under loven når du bare ferdes blant likemenn, men kommer du i berøring med dem som lever i evangeliet vil du ikke trives der, for du merker at du ikke er av den samme ånd. På samme måte blir det for dem som lever i evangeliet, de trives ikke der den loviske ånd rår. Dette kan ingen lære seg til å se og forstå, bare Helligånden kan åpenbare det.

Her vil jeg prøve å ta frem noen kjenne-tegn. Du som lever under loven, vil ikke få samfunn med dem som lever i evangeliet. På samme måte vil ikke den som lever i evangeliet, få samfunn med dem som lever under loven. Der klages så mye over at her finnes så lite samfunn i dag, og her har du årsaken, som mange ikke forstår. De blir nødt til å arbeide sammen, men de smelter ikke sammen i en Ånd.

Her har jeg møtt en stor nød og kamp, når jeg møter folk som vitner og arbeider i Guds rike, men kan ikke smelte sammen med dem eller få samfunn med dem. Dette har mange ganger ført meg ut i anfektelse og nød, så jeg har spurt :: *Hvorfor?* Er det noe ved meg som ikke er rett? Slik ransakelse har ofte blitt meg en hjelp til klarere å se forskjell mellom lov og evangelium.

Der skrives jo idag, og det med rette, at der finnes så mye religiøsitet i vårt land. Hva kan dette komme av? Sikkert mest av en

er djevelens intense ønske, og det arbeider han for å oppnå. Og det har lykkes for ham så altfor ofte, så la oss her våke og være på vakt.

Ole Rolfsnes.

uklar og falsk forkynnelse som trøster folk i deres religiøse tilstand.

Mange kan nok vise til og vitne om et møte med Gud der de ble hjulpet, som de spedalske kunne, og det fra mange forskjellige situasjoner i livet. Men et møte med Jesus lik den ene spedalske, med et tilslagn om at nå er du frelst mangler de.

Det samme ser vi fra Galaterbrevet. De hadde endog opplevt evangeliet og mottatt Ånden og var på rett vei, men de ble utsatt for en lovisk forkynnelse som førte dem inn på den samme vei som de ni spedalske. Da apostelen Paulus fikk høre om dette var han tung i sine ord : Gid de ville skjære seg selv i sørder de som oppvigler eder (Gal. 5, 12). Hadde vi hatt flere med Paulus sitt syn og forkynnelse, da ville her sikkert vært mindre religiøsitet uten liv i Gud.

Når Ånden tok til å gi meg lys over disse ting, gikk det lang tid før jeg våget å tro det, for jeg syntest det var altfor forferdelig å tro. Men jo lenger jeg arbeidet med Guds ord og i Guds rike, og iaktok de forskjellige forhold, ble jeg mer og mer overtydet. Og jeg måtte også forkynne i overensstemmelse med det lys jeg hadde fått.

Du vil gjerne spørre om hvorledes jeg kan være viss på at jeg lever i evangeliet. Da vil jeg sitere et sangvers : «Jesus takk : Du levde livet til Guds ære. Dette livet får jeg rekne med som mitt. Du var alt for Gud, ja slik jeg skulle være. Slik en frelser er det til oss alle givet.» Er dette din ankergrunn og eneste håp, da lever du i evangeliet.

Dette får du ikke lys over uten et slikt møte med Jesus som den ene spedalske hadde. Da er din store fare å gli bort fra et sant forhold til Jesus og inn i religiøsitet. Det

OG DE SATTE GUDS ARK PÅ EN NY VOGN (2. Sam. 6, 3)

Man fyller ikke ny vin på gamle lerflasker, sier Jesus. Der må nytt liv og et nytt helligt vesen til, for å være bærer av Guds paktesark — det vil si hans nådes vitnesbyrd i denne verden. Det var simpelthen ikke sørmelig å sette Guds ark på en gammel vogn. Det forsto også filisterne (1. Sam. 6, 7), og det forstår også vår tids «filistere», — at hver den som nevner Kristi navn, må avstå fra urettfedighet — skjønt de selv hverken vil eller kan ha Guds ark hos seg (1. Sam. 6, 1-fg.)

Alt det gamle, det menneskelige, er dømt, og det ikke bare slik at det ikke må finnes hos en kristen i åpenbare utslag, slik det finnes hos dem som er av denne verden. Men vi må heller ikke tillate oss noe *blandingsvesen*.

Det er blandingsvesenet med denne verden som er vår største fare. På det område har vi leitest for å overhøre Åndens minnelser, og der har vi leitest for å søke utflykter og finne unskyldninger.

Rens ut den gamle surdeig, formaner apostelen, det vil si : Rens ut alt det som hører kjøtet og verden til, spar ikke noe !

La oss sette Guds ark på en ny vogn !

Mellom kristne tales der om en daglig fornyelse. Ved den daglige fornyelse korsfestes og avføres det gamle — kjøtet og dets vesen — i oss, og det nye i oss bekreftes og grunnfestes ved de himmelske krefter, som i disse serskilde fornyelsens stunder tilføres vår sjel.

Brødre og søstre, glem ikke den daglige fornyelse ! La der ikke gå både dager og uker mellem hver gang du fornyer din sjel ved denne fornyelse !

Herre, gi meg en ånd hvor det ikke er svik !

Johannes Brandzæg..